

«Då er vegen kort til å tenkje seg ei handfast dame bak torebraket.»

orsk og bokmål.

# Namnet Hespriholmen og Tors-mytologien

**STADNAMN**  
**ELDAR HEIDE**  
**BERGEN**

Takk for fin artikkel om grønsteinsbrotet på Hespriholmen utanfor Sunnhordland i DT 15. desember. Eg har lyst til å føye til nokre ord om namnet Hespriholmen som Todal ikkje går inn på. Føleddet er husbrei(e), hesbrei(e), av gammalnorsk hús-freyja, som tydde husfrue, ekte-kone. Men namnet er knytt til ein snau holme i havet, der husfruer ikkje var særleg ofte. Forklaringa må liggja i to ting fleire har peika på.

Den eine er gamle førestillingar om at lynet som slår ned med eit brak, «fremkommer ved, at en sten fra himmelen farer ned mot jorden» og borar seg ned i bakken (Blinkenberg 1909: *Tordenvåbenet i kultus og folketro*, s. 33) – og at det særleg var steinøksar ein tenkte seg i denne rolla. Jamfør at steinøksar i tradisjonell dialekt kunne kallast torebløyg (-blei, kile), torestein og dynestein (der dyn = dønn, brak), på svensk tor(en)kil, tor(en)vigg m.m. Denne trua kunne dermed forklare steinøksane folk stundom fann i jorda, som det må ha vore vanskeleg å forstå etter steinalderen, før arkeologien kom med

dagens forklaring. Samtidig kan desse førestillingane truleg forklare at hammaren til Tor er eit kastevåpen, endå kastehamrar ikkje er kjende frå Norden (Blinkenberg s. 62). Det er nemleg grunn til å tru at desse førestillingane er eldre enn førestillingane om torshammaren, fordi dei er vidt spreidde og omtala i antikke kjelder. Når dette komplekset ikkje direkte er nemnt i dei norrøne mytologiske tekstane, kan det vera fordi dei er frå Island, der torevær er uvanleg

og steinøksar ikkje finst i jorda.

Det andre momentet i forklaringa er at torebraket i folketradisjonen personifisert kunne omtalast som hokjøn: Tora, husbreia, go(d)mor (Sverige) o.l., på same måte som gubben, gobonden osv. I dei norrøne kjeldene er det ein tydig ein mann, Tor, som står bak torebraket, men hokjønnsforma kan truleg forklarast ut frå (meiner eg) korleis ordet Tórdyn utvikla seg etter gammalnordisk tid. Dagens ord torden er (skriftuttale av) den danske forma, medan

ordet i dialektane gjerne er tora, som jo er identisk med kvinnenamnet Tora (eventuelt toLa, med tjukk l, som kan oppfattast som hokjønnsform av mannsnamnet Tord, Tol). Då er vegen kort til å tenkje seg ei handfast dame bak torebraket. Dei lydovergangane som fører til tora (og toLa), er det vanleg å tidfeste til 1400-talet.

Etter alt å døme er namnet Hespriholmen altså yngre enn 1400–1500-talet og viser at folk i distriktet assosierte holmen med steinøksar (kanskje hadde dei funne grovhogne emne der), og at dei forklarte steinøksar som resultat av lynnedslag.

Eldar Heide er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet.



Hespriholmen utanfor Sunnhordland. Foto: Per Anders Todal